



## **MØTEINNKALLING**

---

**Utval: Valstyret**  
**Møtedato: 09.09.2013**  
**Møtetid: 13:00 -**  
**Møtestad: Kommunehuset**

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) ), som vil kalla inn varamedlem.

ordførerar/leiar av utval

**SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
007/13	13/488	Faste saker	
008/13	12/244	Stortings- og sametingsvalet 2013 - oppteljing av førehandsrøyster	

<b>Oversikt faste saker</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll (gjeld berre Kommunestyret)</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>



## SAKSFRAMLEGG

<b>Arkivsaksnr:</b> 13/488	<b>Løpenr:</b> 13/4558
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Valstyret	09.09.2013	007/13	MH

### FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li> <li>• Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll (gjeld berre Kommunestyret)</li> <li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>

### Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhald
12/244	06.08.2013	S		Ny oppføring i manntalet 2013
12/244	03.09.2013	N	Marit Aksnes Aase	Logg førehandsrøysting

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Magda Haugen	<b>Arkivkode:</b> FE-010
<b>Arkivsaksnr:</b> 12/244	<b>Løpenr:</b> 13/4546
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Valstyret	09.09.2013	008/13	MH

**STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2013 - OPPTELJING AV FØREHANDSRØYSTER**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

.....

---

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Vallova

---

**Kva saka gjeld:**

Førehandsrøystene som er avgjevne kan teljast opp.

**Vurderingar og konsekvensar:**

20 førehandsrøyster vert haldne att for å blandast med seint innkomne røyster. Desse vert talde opp til slutt; etter at ordinære røyster er talde.



## SAKSPAPIR

<b>Sakshandsamar:</b> Magda Haugen	<b>Arkivkode:</b> FE-010
<b>Arkivsaksnr:</b> 12/244	<b>Løpenr:</b> 13/4134
<b>Sakstype:</b> Delegert sak	

**NY OPPFØRING I MANNTALET 2013  
HANDSAMING AV SØKNAD FRÅ RUNE DREVSJØ**

Saka er handsama som delegert sak nr. 156/13

**Vedtak:**

Rune Drevsjø fødd 03.02.53 vert ført inn i manntalet i Samnanger og får dermed rett til å røysta ved Stortingsvalet 2013.

---

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Valhandboka

---

**Kva saka gjeld:**

Rune Drevsjø er fødd og oppvaksen i Samnanger kommune og har budd utanfor Noreg i meir enn 10 år og er difor ikkje oppført i manntalet. I desse dagar er han heime i Samnanger igjen og hadde då ynskje om å røysta ved Stortingsvalet 2013. 02.08.13 sette han fram søknad om å verta ført inn att i manntalet i Samnanger kommune. Han har opplyst at han er norsk statsborgar.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Punkt 4.5.3 i Valhandboka:

*"For norske statsborgarar er det ikkje eit vilkår at ein er busett i Noreg på valdagen. Etter §5 i folkeregisterforskrifta blir det ført eit avgangsregister over dei som flyttar frå kommunen til utlandet. Alle norske statsborgarar med røysterett blir automatisk førte inn i manntalet i den kommunen der dei var registrerte som busette på utflyttingstidspunktet i den første 10-årsperioden etter utflyttinga.*

*Når utanlandsopphaldet har vart meir enn 10 år, sluttar den automatiske manntalsføringa. Dei som da ønskjer å delta ved valet, må senda søknad om å bli innførte i manntalet. Søknaden skal sendast til kommunen der vedkomande sist var registrert som busett.*

*Søknad om manntalsføring skal innehalda ei erklæring om at veljaren framleis er norsk statsborgar. Det blir ikkje sett som krav å leggja ved nokon attestasjon av statsborgarskapet. Søkjaren si eiga erklæring er nok.....*

*.....Det er opp til valstyret å ta stilling til om søknaden er motteken på eit slikt tidspunkt at det er praktisk mogleg å oppdatera manntalet.....”*

Slik administrasjonen forstår dette har Drevsjø rett til å stå i manntalet i Samnanger kommune og at administrasjonen har fullmakt til å fatta slikt vedtak.

Administrasjonen gjer endringar i manntalet gjennom det valadministrative systemet EVA. Innføring av Rune Drevsjø i manntalet for Samnanger kan skje når dette delegerte vedtaket er gjort.

## **Logg – førehandsrøysting Stortingsvalet 2013.**

02.09.13

Ved førehandsrøysting vart det gjort ein feil i føring i manntalet. Ei røyst som skulle vera "kommunehuset – urne" vart merka som "kommunehuset –konvolutt. Det er difor ingen konvolutt som er merka med løpenr. FI-23. Røysta vart lagt rett i urna.

Magda Haugen